

Kommunedelplan oppvekst

2019 - 2024



Utsegn frå gruppearbeid i dialogmøte om kommunedelplan oppvekst

03.09.2019

Rådmannen

Innholdsliste:

Innleiing:	2
Del 1: Å veksa opp i Bømlo – korleis vert framtida?	5
Del 2: Status og utfordringar i oppvekstsektoren i Bømlo kommune:	8
<i>Læringsmiljø i barnehage og skule</i>	8
<i>Læringsresultat</i>	8
<i>Skulefritidsordninga (SFO)</i>	8
<i>Overgangar</i>	9
<i>Vaksenopplæringa</i>	9
<i>Fysisk og psykisk helse</i>	9
<i>Skulehelsetenesta</i>	9
<i>Integrering/inkludering</i>	9
<i>Kulturskulen</i>	10
<i>Biblioteket</i>	10
<i>Kultur og organisasjonsliv</i>	10
Del 3: Målsettingar og tiltak	11
<i>Fire hovudområde</i>	11
1. Inkludering og deltaking	11
2. Førebygging og samhandling, støtte:	14
3. Folkehelse og livsmeistring	15
4. Kultur og fritidstilbod	17
Del 4: Implementering og kvalitetsvurdering i planperioden	19
<i>Forankring og implementering</i>	19
Vedlegg:	20
<i>Nasjonale føringerar for området oppvekst</i> :.....	20

Saksprotokoll i Kommunestyret - 30.09.2019

Vedtak:

Kommunestyret gjorde samråystes vedtak i samsvar med innstillinga frå utval for oppvekst, kultur og idrett slik:

1. Kommunestyret vedtek «Kommunedelplan for oppvekst 2019 – 2024» slik den ligg føre, med følgjande tillegg i del 3 i framlegget til kommunedelplan oppvekst. Tillegget kjem etter første setning:
 - o Alle menneske skal ha like mogelegheiter i samfunnet, uavhengig av kjønn, seksuell orientering, religion eller etnisitet. Ein må synleggjera og kjempa mot alle former for diskriminering og trakkassering og motarbeida haldningar som er til hinder for full likestilling og likeverd.
2. Rådmannen må koma attende med ein detaljert handlingsplan i neste møterunde.

Innleiing:

Kommunedelplan for oppvekst (KDPO) er ein overordna strategisk kommunedelplan. Denne planen skal vere med på å oppnå dei overordna måla i kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS). KDPO skal gje mål og retning for arbeidet med at barn og unge skal få ein god oppvekst i Bømlo kommune. Spesielt relevant er dei overordna måla i samfunnsdelen (KPS), «Tilflytting, rekruttering og inkludering», og tema og mål i kapittel 4 «Rusta for livet» og 5 «Sosialt og inkluderande».

Berekraft

FNs bærekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydda fattigdom, kjempe mot ulikskap og stanse klimaendringane innan 2030. Berekraftsmåla er implementert i kommuneplanen og måla skal gå igjen i all opplæring- og utdanningspolitikk og læreplanar.

Sjølv om alle berekraftsmål er relevant vil KDPO særskilt knytte seg til mål 1, 2, 3, 4 og 5.



Framover vil sosial berekraft vere sentralt. Dette handlar mellom anna om at nærmiljøa står seg over tid. Sosial berekraft kan mellom anna bli målt i fråvær av mobbing, opplevd tryggleik med omsyn på trafikkforhold eller kriminalitet.

Skulane og barnehagane skal gjere barna våre til aktørar for ei meir berekraftig verd.

Fokus

KDP-O skal ha eit heilskapleg fokus på oppvekst for barn og unge i Bømlo kommune. Området oppvekst handlar om dei frå 0 – 20 og ved nokre høve opp til 25 år. Han seier noko om korleis ein skal bli inkludert i Bømlo-samfunnet gjennom læring og danning i barnehage, skule og kulturskule.

Planen set også fokus på korleis kommunen skal utvikle sine tenester som bidreg til gode oppvekstvilkår, tenester som kan yta hjelpe og samhandlinga rundt barn og familiar som er sårbare, eller treng støttetiltak i ein periode. Planen omtalar også førebygging og helsefremjing for denne aldersgruppa.

Til grunn for arbeidet ligg også MOT-verdiane. Dei som har vaks opp i Bømlo, skal ha opplevd å vekse opp som trygge og aktive barn og unge med meistringsglede. MOT-verdiane er: *Mot til å leva, Mot til å bry seg, Mot til å sei nei.*

Korleis nå måla

For å nå både berekraftsmåla og andre mål i KDPO, krev dette tverrsektorielle grep. Det gjeld mellom anna med omsyn på kommunen si arealforvaltning. Kommuneplanen sin arealdel (KPA) skal underbyggja måla i KDPO.

Samarbeid

Det er ei tydeleg forventning frå nasjonale styresmakter at barnehage og skule må samarbeida. Barnehagelæraren skal leggja til rette for gode pedagogiske prosesser som styrkjer og støttar læring og utvikling hjå barna gjennom utfordrande og engasjerande aktivitetar som er tilpassa kvart barn.

Skulen skal byggja på det fundamentet barna har med seg frå barnehagen. Om dette skal fungera godt, må både barnehage og skule kjenna til faglege vurderingar, arbeidsmåtar og kulturane hjå kvarandre.

KDPO si oppbygging

Planen består av fire delar, samt ein innleiande del som beskriv mandat, organisering av planarbeidet og organisasjonen vår. Denne delen syner også dei førande dokumenta for oppvekst. Del 1 forsøker å sei noko om kva for framtid som møter barn og unge som veks opp i Bømlo i planperioden. Del 2 fortel kva for verdiar som skal liggja til grunn for arbeidet til alle tilsette i oppvekstsektoren. Del 3 er mål og tiltaksdelen i planen og denne inneholder fire hovudområde for vidare arbeid. Del 4 beskriv korleis implementering planen og kvalitetsvurdering av arbeidet skal gjerast.

FN sin barnekonvensjon artikkel 3:

Barnets beste:

Alle handlingar som angår barn og som vert sett i verk av mynde eller organisasjonar skal først og fremst ta omsyn til barnets beste.



Del 1:

Å veksa opp i Bømlo – korleis vert framtida?

På Bømlo skal ein kunne leve heile livet. Me skal vere eit aldersvenleg samfunn. Den gode oppveksten startar med dei tusen første dagane, frå befruktinga. Bømlo skal vere ein god plass å vekse opp, med sunne og trygge oppvekstmiljø og gje gode barndomsminne. Å ruste oss for livet vil også bidra til å hindre aukande negative sosioøkonomiske skilnader og fattigdom.

For å ruste barna for livet skal ein tidleg oppleve meistring og tilhørsle. Livsmeistring blir sentralt i alt oppvekstarbeid. Dei ferdighetene ein person treng i livet, er i stadig endring. Realitetane i dagens samfunn er at me ikkje veit kva jobbar våre barn og unge veks opp til, fordi teknologiutvikling og automatisering endrar arbeidslivet.

Dagens barn og unge har mange internasjonale relasjoner, både gjennom sosiale medier og eigne opplevelingar. Det betyr at tilhørsle og trivsel ikkje berre er noko som blir skapt på Bømlo.

I dei kommande åra må kommunen planleggje og vere førebudd på endringar, også demografiske. Eit område som har mange skulebarn i dag, vil 10-15 år seinare ha ein foreldregenerasjon i yrkesaktiv alder men med utflytta barn. Nokon år seinare kan området i hovudsak vere bebodd av pensjonistar. Alle desse endringane får følgjer for dei sosiale liv og bruken av nærmiljøet. Eit areal som i ein periode er ein leikeplass bør bli planlagt slik at det kan bli eit anna type friområde om behovet for leikeplass ikkje lenger skulle vere der. Slik tidsdynamisk planlegging må framover gjelde bygningar og areal generelt i oppvekstplanlegginga.

Kompetanseområde

I Bømlo skal me vekte fire kompetanseområde for at me alle kan vere rusta for livet:


- fagspesifikk kompetanse
- kompetanse i å lære
- kompetanse i å kommunisere
- kompetanse i å samhandle og delta, samt kompetanse i å utforske og skape

Innan oppvekst skal kommunen sine tenester arbeide førebyggjande og helsefremjande gjennom gode universelle tiltak, for alle, og tidleg innsats, for førebygging.

Dei grunnleggande ferdighetene i læreplanen; å kunna lesa, å kunna skriva, å kunna rekna, munnlege ferdigheter og digitale ferdigheter framleis sentrale.

I «*(Meld. St. 28 (2015-2016) Fag – Fordypning – Forståelse. En fornyelse av Kunnskapsløftet)*» ligg til grunn for fornyinga av læreplanen for grunnskulen.

Til grunn for planen ligg opplæringslova §1-1 og denne ligg til grunn for verdigrunnlaget i planen. (sjå fig under, henta frå *Meld. St. 28 Fag – Fordypning – Forståelse*)



Tidleg innsats

Nyare forsking viser at dei 1000 første dagane i livet, frå befrukting til ca. 3 års alder i stor grad påverkar resten av livet med omsyn til generell helse, menneskeleg kapasitet og evne til å takle motgang. De første 1000 dagane legg også i stor grad grunnlag for framtidige livsstilssjukdomar. For å sikre optimale utviklingsmogleikar for barnet, er det viktig at helsa til ungdom som skal bli foreldre/føresette, og særleg mor si helse, er best mogleg, både fysisk og psykisk. Såleis er det viktig at ein tenkjer tidleg innsats i alle tenestene våre og at ein er oppteken av førebygging og fremjing, framfor behandling.

Tenestene i oppvekst skal arbeide førebyggjande og helsefremjande gjennom gode universelle tiltak og tidleg innsats for førebygging. Universelle tiltak er tiltak som rettar seg mot alle. Tidleg innsats handlar om å gje hjelp så tidleg som mogeleg når ein vanske oppstår, anten den oppstår i barnehagealder eller seinare i livet.

Barnehage og skule må framfor alt vera ein trygg stad å vera for barn og elevar der dei opplever å vera inkluderte og fri for krenkingar, mobbing, trakkassering og diskriminering. Sjølv om eit trygt sosialt miljø er eit mål i seg sjølv, er det også ein føresetnad for utvikling og læring. For dei mest sårbare barna er det ei klar forventning om at dei ulike kommunale tenestene som er retta mot barn, samordnar innsatsen.

I barnehage og skule skal barn og unge møta eit innhald som betyr noko for dei i det livet dei lever no, men samstundes skal det leggjast eit solid fundament for framtidig meistring av utdanning, samfunns- og arbeidsliv.

Skulen si hovudoppgåve er meir enn å gje barn og unge grunnleggjande ferdigheitar og fagleg kunnskap. Barn og unge må også bli førebudd til å ta vare på seg sjølv og kvarande, kunna forstå og handtera og bygge gode relasjonar med menneska rundt seg, samt bli aktive og deltagande medlemmer av samfunnet. Dei tre tverrfaglege tema skal sikra dette.

Tema går på tvers av fleire fag og skal bli dekka der det er naturleg. Kommunedelplan oppvekst sine mål og tiltak tek opp i seg desse tema.

I fagfornyinga har ein utvikla kjerneelement for faga. Dette er for å sikra at ein får fram det viktigaste og mest sentrale elevane skal læra i kvart fag og skal gje retning for prioriteringane i dei nye læreplanane som vert utvikla i 2019.

Rammeplan for barnehagen er også endra slik at ein betre kan sjå utdanningsløpet i ein samanheng frå liten til stor, samt at den har blitt eit betre verktøy å styra etter. Skule og barnehage skal samarbeide tettare om overgangar og barnehagen har fått større ansvar for å sikre den sosiale utviklinga til barna. I tillegg vektar den felles område som ein kjenner att frå fagfornyinga i Kunnskapsløftet. Viktige tema er: mangfald og gjensidig respekt, likestilling og likeverd, livsmeistring og helse, samarbeid mellom heim og barnehage.

Framtida i Bømlo – kva seier barna i barnehagen?

To gutar 5 år:

- Når eg blir stor skal eg laga ei fiskestong som da går an å fiska med. Eg har et bilde i håve mitt for eg planla da når me var på tur i går.
- Viktig at da blir fisk igjen i sjøen til oss og at me prøve å vera stille så fisken bite på. For da e mange som fiskar masse fisk og ete den opp og då blir da tomt. Nåken har til og med fiska seks fiskar på ein gong....
- Når me hive plast i sjøen ete fisken da og får plast i magen sin. Når me ete fisken då kan me og få plast i magen – da e derfor me skjere opp fisken.
- Når eg blir stor skal eg rydda litt i strando, så skal eg laga et STORT skilt der da står at da e forbudt å kasta boss i havet.
- Når eg e voksen lese alle folk på skiltet og lye – da e viktig.



To gutar 5 år:

- Eg skal bli oppfinnar på Nesse.
- Da skal vera tog på Bømlo når eg blir voksen. Eg skal bygga togbane rundt heila Bømlo. Då trenge du ikkje kjøra lenger for du kan ta toget på jobb.
- Me trenge ikkje å passa oss for bilane heila tio, me kan gå trygt på veien.



Del 2:

Status og utfordringar i oppvekstsektoren i Bømlo kommune:

Bømlo er ein trygg og god stad å veksa opp for barn og unge, med sin varierte og flotte natur og kulturhistorie. Busetjinga på Bømlo er spreidd med fleire tettstadar og kommunesenteret ligg på Svortland.

Ein har barnehageplassar til alle som vil ha og foreldra i Bømlo er godt nøgde med barnehagetilbodet sitt. Over 94% av barn mellom 1 – 5 år går i barnehage i Bømlo og det er svært få barn som tek til i skulen utan å ha erfaringar frå barnehagen.

Me har ein skule som er oppteken av å utvikle heile menneske og ha høg kvalitet på tilbodet dei gjev til elevane våre. For dei barn, unge og familiar som har trong for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar har ein mange og differensierte tilbod.

Læringsmiljø i barnehage og skule

Likevel har ein nokre utfordringar i oppvekstsektoren som ein må arbeida vidare med i åra som kjem. Ikkje alle elevane i Bømloskulen opplever at dei har eit trygt og godt skolemiljø. Dette kan handla om mykje, men me veit at dei vaksne sine haldningar, kompetanse og evner til å skape gode relasjonar til barn og elevane sine er svært viktig for å førebygga og hindra dette. At vaksne er kompetente, gode rollemodellar, og tydelege i møte med uheldig samspel mellom barn og unge, vil vera eit godt utgangspunkt for å nå nullvisjon for mobbing og krenking.

Læringsresultat

Verktøyet for måling av resultatkvalitet på læringsutbytte, er nasjonale prøvar på 5. og 8. trinn, og eksamen og standpunktcharakterar på 10.trinn._Bømlo har, som resten av regionen, for mange svake lesarar og for få svært gode lesarar. Dette ser me på nasjonale prøver. Ein ser at dette gjeld også for engelsk og rekning.

Skulefritidsordninga (SFO)

I Bømlo er det i dag skulefritidsordning (SFO) ved alle skulane, unntake Espevær. Innhaldet i SFO vil variera ut frå vaksentettleik, storleik og rammer som t.d. tilgang på kjøken, gymsal, eller uteområde. Regeringsplattform 2019 varsler også ein ny, nasjonal rammeplan for SFO som skal ha rom for lokale tilpassingar. Bømlo kommune sin rammeplan vert revidert i tråd med føringane i denne. Dette vil vera med å sikra at ein får eit meir heilskapleg tilbod i kommunen og førebyggja at det vert for store kvalitets-skilnader.

Overgangar

Me veit at overgangar kan opplevast som krevjande for nokre barn og unge og det er såleis viktig at me sikra at desse vert så mjuke at flest mogeleg barn opplever dette som trygt. Bømlo kommune har også merka seg signala frå regjeringa om forsøk med fleksibel skulestart. Kommunen har ein plan for overgang frå barnehage til skule, og skulane har prosedyrar for overgangar mellom dei ulike trinna, samt over i vidaregåande skule.

Vaksenopplæringa

Bømlo vaksenopplæring (BVO) har ansvar for å tilby eit to/(tre)-årig introduksjonsprogram til alle busette vaksne flyktningar med oppstart innan tre månader etter ankomst. BVO tilbyr i tillegg grunnskuleutdanning for vaksne og realkompetansevurdering. Ein samarbeider også med næringsliv om arbeidsstrening. Andre vaksne innvandrarar får også tilbod om kurs i grunnleggjande dugleikar, norsk og samfunnsfag. Det er behov for å styrke samarbeidet med dei vidaregåande skulane og det lokale næringslivet. Det ligg to vidaregåande skular i kommunen som tilbyr ulike fagområde.

Fysisk og psykisk helse

Undersøkingar syner også at norsk ungdom i stor grad er veltilpassa, aktiv og heimekjær. Dei trivast og er nøgde med foreldre/føresette, vener, skule og nærmiljø. Men, me ser også at det er auke i tal unge som rapporterer om fysiske og psykiske helseplager. Ein ser også at tid med skjermbaserte aktivitetar stadig er i auke og dette er ein trend ein ser i heile den vestlege verda. Norske 16 – 19-åringar sov i snitt 6 timer og 25 minutt på vekedagar. Dette er to timer mindre enn det som er anbefalt for denne aldersgruppa, noko som kan henga sammen med psykiske og fysiske plager.

Når det gjeld vekt, så veit me at det har vore ein auke frå midt på 80-talet og fram til i dag, på barn som har overvekt og fedme. Mange norske barn er også i mindre fysisk aktivitet enn det som er tilrådd. Nasjonale myndigheter tilrår ein time fysisk aktivitet dagleg av moderat eller høg intensitet og gjev oppvekstsektoren ei oppgåve med å bidra til dette. Dette er vekta i regjeringsplattform 2019.

Kosthold er også ein viktig del av barn og unge si fysiske helse. Dette har helsestasjon i lag med verksamdene særleg fokus på.

Skulehelsetenesta

Det er framleis trond for å utvide skulehelsetenesta sin kapasitet, sjølv om ein no nærmar seg eit ressursnivå på linje med nasjonale tilrådingar. For å møte utfordringar knytt til psykisk helse og mobbeproblematikk i grunnopplæringa er eit godt, robust og tverrfagleg samarbeid mellom Barne- og familietenesta og grunnskulane avgjerande.

Integrering/inkludering

Dei fleste innvandrarborn klarar seg godt, men nokre born og unge kan vera meir sårbare enn andre. Barnehage og skule er viktige fellesarenaer i samfunnet og alle born skal kjenne seg inkludert og

respektert, uavhengig av kva for utfordringar ein har. Deltaking i fritidsaktivitetar, barnehage, skule og høve til å få utdanning er det viktigaste verkemiddelet for å redusera sosiale og økonomiske skilnadar, sikre samfunnssdeltaking og forhindre segregering og utanforskap.

Kulturskulen

Kulturskulen representerer eit godt og viktig fritidstilbod for barn og unge i Bømlo og har god status i lokalmiljøet. Kulturskulen jobbar no særskilt med å implementere ny rammeplan. Det er ønskeleg å utvikle kulturskulen som lokalt ressurscenter og styrke samarbeidet med grunnskulen.


Biblioteket

Biblioteket er ein demokratisk og lågterskel møteplass som formidlar litteratur, kunnskap og kulturopplevingar til barn og unge. Biblioteka får nye moglegheiter til å utvikle seg som samfunnsinstitusjon når dei nye lokalna i kulturhuset er ferdige. Filialane skal bli integrerte i utviklinga av lokalsamfunnet og skulane sitt arbeid. Å gje biblioteka god plass i planlegginga er viktig for å utjamne sosiale forskjellar, generere kulturaktivitetar og informasjon og vere ein møteplass for alle. Biblioteket sine tenester er gratis og slik har det ein utjamnande effekt når det gjeld tilgang til informasjon, opplevingar og digital kompetanse.

Kultur og organisasjonsliv

I Bømlo har ein eit rikt og mangfoldig kulturliv. Men i nokre lokale undersøkingar, melder ungdomane våre at det er dårligare fritidstilbod for ungdom i vidaregåande skule enn for dei yngre. Dei melder også at det er for dårlig offentleg transporttilbod til at dei kan nytte seg av dei tilboda som finnes.

Dei ulike laga og organisasjonane vert invitert til samhandling med kommunen og ein har jamlege treffpunkt der dette samarbeidet vert utvikla vidare, men det er trond for ein eigen plan på for kulturfeltet som inkluderer heile breidda av lag og organisasjoner.



Utsegn frå gruppearbeid i dialogmøte om kommunedelplan oppvekst

Del 3:

Målsettingar og tiltak



Når det gjeld oppvekst vil dette gjelde:

Alle menneske skal ha like mogelegheiter i samfunnet, uavhengig av kjønn, seksuell orientering, religion eller etnisitet. Ein må synleggjera og kjempa mot alle former for diskriminering og trakassering og motarbeida haldningar som er til hinder for full likestilling og likeverd.

Barn og unge må også bli førebudd til å ta vare på seg sjølv og kvarande, kunne forstå og handtere og bygge gode relasjonar med menneska rundt seg, samt bli aktive og deltagande medlemmer av samfunnet.

Barn og unge skal få tileigne seg den kompetansen som er nødvendig for å fremje ei berekraftig utvikling av Bømlo, samt få kjennskap til og knyte kontakt med lokalt arbeidsliv.

Det overordna mål for planperioden er å arbeida for at: alle barn i Bømlo skal kjenna at dei hører til, og at det er bruk for dei.

Fire hovudområde

Planen er inndelt i fire hovudområde som er viktige for å sikra ein god oppvekst i Bømlo kommune og som kan vera med å sikra at ein får eit godt liv i framtida.

1. Inkludering og deltaking

Bømlo kommune ønskjer å arbeida for at alle barn i Bømlo skal kjenna at dei hører til, samt at deira bidrag er viktig for fellesskapet. Tilsette i tenestene skal arbeida for at barn og unge skal vera rusta til å delta i utdanning, arbeids- og samfunnsliv.

Det skal vera høve for alle barn og unge til å vera seg sjølv på Bømlo. Ein skal kunne kjenne at ein har mot til å visa kven ein er og kva ein står for. I skule og barnehage er det viktig at ein har blikk for ulikskapar og at ein hjelper barn og unge til å meistra eige liv. Alle barn skal få vera deltarar i oppvekstmiljøa slik det også er forankra i:

FN sin barnekonvensjon artikkel 23:

Funksjonshemma barn:

Psykisk og funksjonshemma barn har rett til å leve eit fullverdig og anstendig liv under tilhøve som sikrar barnet sin vørdrnad, fremjar sjølvtillit, og lettar aktiv deltaking i samfunnet. Eit funksjonshemma barn har rett til særleg omsorg. Barnet skal få undervisning, opplæring, helsetenester, rehabiliteringstenester, førebuing til arbeidslivet og høve til rekreasjon for å oppnå best mogleg integrering og individuell utvikling.

Ein skal sjå samanhengane mellom korleis me yter tenester til barn og familiar på ulike måtar til ulike tider, men primæransvaret vil alltid ligge hjå foreldra/føresette for dei aller fleste barn. Dette fordrar eit godt samarbeid mellom kommunen og foreldre/føresette/føresette, der me er tydelege på forventingane til kvarandre, og samarbeider for eit felles mål til barna sitt beste. Foreldra/føresette vil alltid vere den viktigaste premissleverandøren i barnet sin oppvekst, men gjennom godt samarbeid kan me bidra til kvarandre sin suksess.

Foreldre/føresetteansvaret er også forankra i:

FN sin barnekonvensjon artikkel 18:

Foreldre/føresetteansvaret:

Begge foreldra har eit hovudansvar for omsorga og utviklinga til barnet etter kva som er best for barnet.

For å bli ein del av det framtidige samfunnet i Bømlo, er det viktig at barn og unge kjenner sett og høyrte og at dei får vera med å medverka i det som angår dei sjølv, men også for å vera del av eit demokrati. Dette er også forankra i

FN sin barnekonvensjon artikkel 12:

Om å sei meininga si:

Alle barn har rett til å seie meininga si og deira meining skal bli tatt på alvor.

Slik vil me ha det	Slik gjer me det:
Bømlo kommune skal ha eit trygt, inkluderande oppvekstmiljø	<ul style="list-style-type: none">Skule og barnehage skal ha eigne planar for å utvikle barn og unge sin sosiale kompetanseSkule og barnehage skal få auka kompetanse gjennom satsinga «Inkluderande skule- og barnehagemiljø»Alle barnehagar og skular skal arbeider systematisk med å avdekke, handtera og følgje opp mobbing og krenkjande åtferdDet skal vera konkrete planar for å sikra overgangar mellom barnehage og skule og mellom dei ulike trinna i skulenTenestene skal legge til rette for at alle barn og unge opplever læring og deltaking i eit inkluderande fellesskap. Tiltaka skal så langt råd er, gjevast innanfor fellesskapet
Bømlo skal ha eit velfungerande demokrati der barn og unge si stemme vert høyrte	<ul style="list-style-type: none">Alle tenester skal gi barn, unge og foreldre/føresette god informasjon om rett til å medverkaElevråda på alle skulane skal ha ei aktiv rolle.Alle barn og unge skal få god opplæring i demokratiske prosessar og medverknad.Ungdomsrådet skal representere barn og unge i Bømlo sine interesser opp mot administrasjon og folkevalde.Moster 2024: «Verdiar i lovverk og samfunn». Barn og unge i Bømlo skal ha ei sentral rolle i prosessen med å planleggja og gjennomføra jubileet.

Slik vil me ha det	Slik gjer me det:
Bømlo kommune skal ha barn og unge som opplever meistring og vert førebudd for deltaking i samfunnet ved at dei har gode grunnleggjande ferdigheter	<ul style="list-style-type: none"> • Nivå og metode skal tilpassast ut frå barn og unge sin motivasjon, modning og styrkar • Barn og unge skal få oppleva leik og vera kreative for å utvikla sosiale fellesskap • Barn og unge skal få konstruktiv tilbakemelding og oppmuntring i alle lærings- og utviklingssituasjoner, med fokus på meistringsopplevelinger • Skule skal utvikla gode ferdigheter i å kunna lesa, skriva og uttrykkje seg munnleg • Barnehage skal legge til rette for gode språkferdigheter som eit grunnlag for å kunne lesa, skriva og uttrykkje seg munnleg • Språkkommunesatsinga vert vidareført • Barn og unge får gode digitale dugleikar • Barn og unge får gode dugleikar i å kunna rekna
Alle vaksne i Bømlo, både tilsette i oppvekst, frivillige og føresette dreg i lag for å gje best mogeleg vekstvilkår for barna	<p>Samarbeid mellom skule/barnehage og heim er sikra via</p> <ul style="list-style-type: none"> • Lovpålagte rådsorgan som FAU, SU, SMU • God dialog om det einskilde barn si utvikling • Det vert utarbeidd ein kommunal standard for både innhald og deltaking frå samarbeidande tenester som t.d. skulehelseteneste, i årleg foreldre/føresettemøte. • Alle vaksne skal vera gode rollemodellar
Barn og unge får utvikla fleire sider av seg sjølv, ved at me gjev kulturell forståing, fremjar nysgjerrigkeit, kreativitet og nyskapning	<p>Barn og unge skal få gode strategiar for å «lære å lære» ved at dei vaksne hjelper å:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Aktivere forkunnskapar • Utvida forståinga for fagområda • Kunna anvende det ein har lært • Gje elevane innsikt i eiga læringsstil • Øva på sjølvregulering og uthald <p>Alle tilsette skal støtta barn og unge i:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kritisk tenking og evne til å sjå årsakssamanhangar både i historie og samfunn, og i å skapa eit berekraftig miljø • Å meistre problem løysing • Å ha ei eksperimentell og spørjande haldning til kunnskap og utfordringar • Me skal førebu barn og unge til framtida på Bømlo ved at dei får god kompetanse om lokal kultur, næringsliv og historie
Elevar og lærlingar gjennomfører vidaregåande opplæring og kjem over	<ul style="list-style-type: none"> • Bømlo kommune skal styrke samarbeidet mellom grunnskule, vidaregåande skule og lokalt arbeids- og næringsliv. • Bømlo kommune skal styrke samarbeidet med Bømlo opplæringskontor. • Bømlo kommune skal ha rutinar for tverrfagleg samhandling og individuell oppfølging av elevar med særskilte behov.

Slik vil me ha det	Slik gjer me det:
i høgare utdanning eller arbeid	<ul style="list-style-type: none"> Vaksenopplæringa og vidaregåande skule skal styrke samarbeidet for å sikre høve til vidare utdanning også for personar med vaksenrett. Bømlo kommune skal ha fokus på å legge til rette for at ufaglærte kan formalisere eigen kompetanse gjennom ordninga Fagbrev på jobb.

2. Førebygging og samhandling, støtte:

Den gode barndomen har ein verdi her og no. Barnet skal kunna oppleve at barndomen er trygg, glad og god, ikkje berre som grunnlag for det vidare livet, men for at barneåra er verdifulle i seg sjølv.

Barndomen er også viktig for kva barnet skal utvikle seg til å bli, korleis ungdomsåra blir og kva haldningar, verdiar og ferdigheter det får i ulike rollar som vaksen og som føresett. Dei nærmaste omsorgspersonane er dei viktigaste gjennom heile barndomen. Alle hjelpeinstansar som til dømes barnevern, PPT, helsestasjon, barnehage, skule og i barna si fritid, er med å bidra i lag med føresette til å gi barna den beste barndomen. Eit godt samarbeid vil kunne bidra til å hindre dårleg helse og risiko for ein utsynlig oppvekst for barn og unge.

Målet er at når eit barn veks opp på Bømlo , skal det ikkje oppleve at det offentlege tenestetilbodet ser sin vesle del av barnet, men at eit koordinert og heilskapleg innretta tenestetilbod samhandlar om å gje kvar einskild det tilbodet han eller ho treng. Dette skal skje på tvers av alle aktørane i oppvekstsektoren.

Slik vil me ha det	Slik gjer me det:
Bømlo kommune har heilskaplege og koordinerte tenester	<ul style="list-style-type: none"> Tenestene retta mot barn og unge i Bømlo kommune, også dei som ikkje ligg under oppvekst, skal nyttja handlingsrettleiar og stafettloggen aktivt i saker i helsestasjon, barnehagar, skular, barnevern og NAV. Det skal etablerast gode samarbeidsfora kring barn og unge, på system- og individ nivå i tråd med BTI satsinga. Barn, ungdom, foreldre/føresette og tilsette i Bømlo skal kjenne til stafettloggen og har nokre å melde frå til når utfordringar dukkar opp TIBIR (tidleg innsats for barn i risiko) skal sikra at barn og foreldre/føresette får rette tiltak til rett tid. Tenestene skal ha god kjennskap til kvarandre og dei ulike tiltak som vert gjeve.
Barn og deira familiar i Bømlo får rett teneste til rett tid.	<ul style="list-style-type: none"> Bømlo skal ta barn som pårørande på alvor og ha gode kartleggingsverktøy og gode, avlastande tiltak for heile familien Barn, unge og foreldre/føresette skal ha medverknad i alle fasane i ei sak; kartlegge, vurdera, utforma og setja i verk tiltak Tenestene skal ha rutinar som sikra at barn, unge og foreldre/føresette skal ha medverknad på avgjerder som angår dei
Alle som kjem til Bømlo får hjelp til å finna seg	<ul style="list-style-type: none"> Bømlo skal byggje opp ein familiebase for den første tida etter at familien er busett.

Slik vil me ha det	Slik gjer me det:
til rette i ny heim og i nytt land	<ul style="list-style-type: none"> • Tiltaka i Integreringsplanen vert gjennomført • Tiltaket Hjartevarme Bømlo skal vidareutviklast med fokus på barn og unge • Alle nyinnflytta vert invitert til eit møte med kommunen ved ordførar, for å bli kjende og få informasjon. («ordførarkaffi»)

3. Folkehelse og livsmeistring

Bømlo si historie er historia om nærliken til havet og ressursgrunnlaget der. Kystkulturen er ein del av identiteten vår og støttar såleis opp under dette. Kjennskap til korleis ein tradisjonelt har utnytta ressursane i vårt nærmiljø, slik at dei også vert tilgjengelege for komande generasjoner er også viktig for å sikra eit berekraftig lokalsamfunn. Ved å ha eit eigarforhold til kulturhistoria og kystlandskapet kring oss, vil ein også kjenna ansvar for å ivareta dette.


Å nytta naturen i nærmiljøet som ein naturleg del av kvardagen er viktig; hobby og rekreasjon, både uorganisert og i organiserte lag- og idrettsaktivitetar.

Berekraft er knytt til fysiske ressursar, men også til dei menneskelege ressursane. Barn og unge som veks opp no, skal vidareutvikla samfunnet vårt og dei må rustast psykisk og fysisk for å kunna møta utfordringane som kjem.

Alle barn skal kunna delta i utdanning- og arbeidsliv. For å sikra dette er det viktig at verksemndene i oppvekst sikrar at aktivitetar og tiltak ein set i verk, ikkje verkar ekskluderande på barn som kjem frå familiar med låg inntekt, eller som har andre utfordringar.

Slik vil me ha det	Slik gjer me det:
Barn som veks opp i Bømlo får eit helsefremjande oppvekstmiljø som er eigna til å gje ei god folkehelse både psykisk og fysisk.	<ul style="list-style-type: none"> • Ulike tema som omhandlar barn og unge si helse skal ha fokus gjennom informasjon, undervisning og samtalar med barn og unge. • Det skal vera fokus på riktig og god ernæring i oppveksten, for å sikra førebygging av livsstilsjukdomar og utjamning av sosiale skilnader • Me skal markere verdsdagen for psykisk helse kvart år. • Sikra at barn og unge i Bømlo får dagleg fysisk aktivitet i skule, SFO og barnehage • Sikra gode rutinar som førebyggjer infeksjonar • Bømlo kommune skal førebygge og avdekke vald og overgrep • Gje barn og unge kompetanse innafor tema seksuell helse • Bømlo kommune skal framleis vera ein trafikksikker kommune og verksemndene har eigne planar for å sikra vidareføring av dette • Bømlo kommune legg til rette for at flest mogeleg barn og unge skal kunna gå til skule, barnehage og fritidsaktivitetar.

Slik vil me ha det	Slik gjer me det:
	<ul style="list-style-type: none"> • Gjennom tilbodet i Bømlo symjehall skal ein leggje til rette for både eit breitt folkehelsetilbod og vidareutvikling av symjerelaterte idrettsaktivitetar • Alle elevar skal vera symjedyktige etter 4.klassetrinn
Bømlo kommune har et oppvekstmiljø som legg til rette for at me har tilgjengelege vaksne	<ul style="list-style-type: none"> • Bømlo kommune skal arbeide for at barn og unge møter tilgjengelege vaksne som fokuserer på godt samvær og vennskap og er gode rollemodellar. • Det skal gjerast forsøk med ei utekontaktordning i Bømlo kommune. • Grendalaga skal inviterast med i planlegging og utforming av møteplassar som går på tvers av generasjoner • MOT som samfunnsbyggar er gjort kjend for lag og organisasjoner i Bømlo
Bømlo kommune arbeider aktivt for å sikra deltagning for familiær med levekårsutfordringar	<ul style="list-style-type: none"> • Tenestene skal sikra at informasjon om ordningar for reduksjon i foreldre/føresettebetaling i barnehage vert gjort godt tilgjengeleg for alle. • Det skal vera merksemd på og utvisast aktsemd om korleis me organiserer aktivitetar som kan fører til vanskar for familiær med dårlig økonomi t.d. sykkelturar, skidagar. • Det skal greiast ut ei mogeleg ordning med redusert foreldre/føresettebetaling for SFO • Kommunen skal hjelpe til å informera om utlånsordningar for utstyr t.d. gjennom BUA, idrettslaga og andre organisasjoner. • Barn og unge som lever under fattigdomsgrensa får delta i fritid og organisasjonsliv. • Skule og barnehagar skal hjelpe familiær med å finna fram til andre instansar i kommunen som kan hjelpe NAV, BFT osv.



Utsegn frå gruppearbeid i dialogmøte om kommunedelplan oppvekst

4. Kultur og fritidstilbod

Eit rikt og variert kulturliv er ein av føresetnadane for ytringsfridom og eit vel fungerande demokrati. Det er eit overordna mål at barn og unge i Bømlo kommune skal få kjennskap til historie, tradisjonar, kunst og kultur i sitt eige nærmiljø. Barna som veks opp på Bømlo må få oppleva og kjenna eigarskap til historia og sjå ressursane i nærmiljøet, som ein del av det å skapa sin identitet.

Det er også viktig at me søker meir kunnskap og meir avanserte uttrykk. Biblioteket, kulturskulen og kulturhuset opererer også som vindauge mot verda i åra før ein flytter heimanfrå og ein i større grad kan møte "den profesjonelle kunstverda".

Bømlo kommune er ein øykommune med spreidd busetnad og ein skal samla tilbod rundt delsentra, slik at flest mogeleg barn og unge kan få høve til å delta.

Fritidstilboda i Bømlo er variert. Her er både organisert og uorganisert aktivitet som skaper møteplassar for mange. Det er viktig at desse aktivitetane er tilgjengelege, har breidde og gjev høve til deltaking innafor mange interesseområde.

Slik vil me ha det	Slik gjer me det:
Bømlo har ein profesjonell kulturskule som sikrar både breiddesatsing og spissa kompetanse	<ul style="list-style-type: none">Kulturskulen skal la barn få starte tidleg i forskjellige aktivitetarTilsette skal delta jamleg i tverrfaglege prosjektElevane skal få tidleg erfaring med å vera på scenaBømlo kommune skal motivera til deltaking i UKM og draumestipend, og arbeida for at barn og unge får samarbeida med profesjonelle utøvararKulturskulen skal vidareutvikla samarbeidet med både grunnskulen, andre kommunale verksemder og frivillige kulturorganisasjonarDei tilsette i kulturskulen skal legge til rette for god dialog mellom føresette og lærararKulturskulen skal vidareutvikla seg gjennom samarbeidet i FOS
Bømlo folkebibliotek skal være ein møteplass der barn og unge kan bli kjende med seg sjølv, andre og samfunnet rundt dei	<ul style="list-style-type: none">Biblioteket skal være ein arena for kunnskap og læring der barn og unge blir inspirert til å lære og fordjupe seg.Biblioteket skal være ein open, trygg og inkluderande møteplass.Biblioteket skal formidle kultur og litteratur og slik gi barn og unge tilgang til oppleveligar og få innsikt i andre og eigne liv.Biblioteket skal vera eit digitalt ressursenter og bidra til å skape ein trygg og innovativ digital kvardag for barn og unge.Bømlo folkebibliotek skal samarbeida med skulebiblioteka og følgje opp plan for dette.
Barn og unge i Bømlo skal gjennom den kulturelle skulesekken (DKS) få møta profesjonell kunst og kultur av alle slag i skuletida.	<ul style="list-style-type: none">Alle barn skal få jamleg møte med profesjonell kunst gjennom ordninga frå Hordaland fylkeskommuneI eit samarbeid mellom kultur og skule skal det sikrast god forankring og mangfold av tilbodDet skal vera ei målsetjing å nytta det profesjonelle kulturlivet i kommunen, gjennom samarbeid med lokale aktørar og institusjonar

Slik vil me ha det	Slik gjer me det:
	<ul style="list-style-type: none"> Barn i Bømlo skal, i lag med skulen eller barnehagen, få tilgang til å nytte kulturhusscena med profesjonell stab og utstyr, og med dette utvikle scenerfaring i løpet av oppveksten på Bømlo.
Bømlo kommune skal oppretthalde og vidareutvikla eit godt samarbeid med frivillige lag og organisasjonar	<ul style="list-style-type: none"> Bømlo kommune skal vera imøtekommende og invitera til samskapning og dialog med lag og organisasjonar som jobbar med barn og unge. Kommunen skal leggje til rette for at lag og organisasjonar, som jobbar med barn og unge, skal lykkast i sitt arbeid. Ved tildeling av aktivitetsmidlar skal barn og unge prioriterast Kommunen sine nettsider skal vera informative i høve til å fremja lag- og organisasjonslivet i kommunen. Kommunen skal vidareutvikla samarbeidet mellom kommunale tenester og Bømlo frivilligsentral

Kva må dei vaksne gjera for at barn skal ha det bra i barnehagen?

- *Dei passa på at da ikkje skal brenna.*
- *Og dei passa på at me har da bra.*
- *Da e best når dei trøsta oss, for da tar så lang tid når me skal gjera da sjøl. Ein gong var da ikkje voksne der og då måtte me trøsta ei jente som var lei seg. Da tok fryktelig lang tid – men da gjekk bra til slutt.*
- *Dei kjekkaste voksne leka med oss i barnehagen – og så tøysa dei med oss.*
- *Dei gjere da fordi dei e glad i oss.*



Jente og gutt 4 år:

- *Dei voksne er snille.*
- *Dei passar på at ingen slår, skubbe og bite.*
- *Nåken gonge bygge dei med oss, men me vil helst vera ifred når me leka.*
- *Da e kjekkast når dei voksne lar oss få gjera ting – me e flinke til masse.*
- *Me kan faktisk hjelpa dei å jobba.*



Del 4:

Implementering og kvalitetsvurdering i planperioden


Forankring og implementering

Skulane vurderer årleg sine resultat på nasjonale målingar og vurderer eige arbeid. Dette vert gjort greie for årleg i den lovpålagte tilstandsrapporten for skule. I tillegg er det eiga kvalitetsmelding for barnehage. Verksemdene vurderer også eigne tiltak knytt til kommunale satsingar.

Framover vil slike kommunale satsingsområde koma frå kommunedelplanen. Det skal årleg utarbeidast ein handlingsplan for alle verksemdene i OKI i fellesskap. Handlingsplanen skal prioritera tiltak frå gjeldande planar.

For å sikra at ein arbeider meir heilskapleg og parallelt med mål og tiltak i kommunedelplanen, vil rådmannen utarbeida ein felles årleg handlingsplan for verksemdene i OKI. Denne gjev grunnlag for budsjettarbeidet og vil vera utgangspunkt for verksemdene sine eigne utviklingsplanar. I tillegg til grunnskulane er Barne- og familietenesta, Bømlo folkebibliotek og Bømlo kulturskule eigne verksemder i OKI. Det interkommunale barnevernet sitt arbeid må også inkluderaast i desse prosessane.

I arbeidet skal ein også kvalitetssikra at ein får med andre planer som inneber aksjonar for oppvekstområdet t.d. integreringsplanen, nasjonale satsingar, kulturplan, trafikksikringsplan, oversynsdokument for folkehelse osb. Handlingsplanen vert utarbeidd av ei gruppe bestående av kommunalsjef, rådgjevarar, verksemdsleiarar, samt hovudtillitsvalt i Utdanningsforbundet.



Vedlegg:

Nasjonale føringer for området oppvekst:

Lovverk:

- [Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa \(opplæringslova\)](#) – med forskrifter
- [Lov om barnehager \(barnehageloven\)](#) med forskrifter
- [Lov om barn og foreldre \(barnelova\)](#) med forskrifter
- [Lov om folkehelsearbeid \(folkehelselova\)](#)
- [Forskrift om miljøretta helsevern](#)

Forskrifter:

- [Rammeplan for barnehage](#) med føresegner (ny hausten 2017)
- [L-06 med føresegner](#) – ny kjem

Stortingsmeldingar m.m.

- Meld. St. 19 (2015–2016) - Tid for lek og læring
- Meld. St. 24 (2012–2013) - Framtidens barnehage
- Meld. St. 20 (2012–2013) - På rett vei
- Meld. St. 22 (2010 – 2011) - Motivasjon – Mestring – Muligheter
- St. meld. 19 (2014-15) «Folkehensemelingen – mestring og muligheter»
- Meld.St.nr 19 «Tid for lek og læring. Bedre innhald i barnehagen»
- Meld.St. 28 «Fag – fordypning – forståelse – En fornyelse av Kunnskapsløftet»
- NOU 2015: «Å høre til – Virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø»

Kommunale føringer

- Kommuneplanens samfunnsdel (2014-2026)
- Integreringsplan for flyktninger (2013 – 2016)
- Kommunedelplan for helse og omsorg (2015 – 2020)
- Økonomiplan og budsjett (2015-2018)
- Skulebruksplanen for Bømlo kommune 2014-2025
- Oversiktssdokument for folkehelse 2016
- Trafikksikringsplan